



*Dei gamle strandsitjarstadene har spesielle miljøkvalitetar og kan vere regionale forbilde i moderne bustadbygging på Vestlandet. Tett-lav struktur, ein variert bustadmasse, nærleik til fjorden og eit godt lokalklima kjenneteiknar gamle Sogndalsfjåra. Foto: Ingvild Austad 1977.*

# Tun +

## Lomelde Strand i Sogndal kommune Ny spennande buform på bygda

Målet med Tun + er å skape alternative utbyggingsmodellar basert på miljøomsyn og klyngetun-prinsippet.

Gjennom organisering av bumiljøet, val hustype, materialbruk og vegetasjon ønskjer ein å forsterke identiteten til staden. Modellen skal tilby eit trygt bumiljø og leggje til rette for omtanke og sosial kontakt.

Dermed skal distrikta gjennom Tun + kunne konkurrere på bumiljø, og vere eit førsteval for dei som søkjer bustad.

Grunnleggjande prinsipp fra prosjektet skal kunne overførast til andre kommunar i landet, og til ulike alders- og brukargrupper.

Aktive eldre utgjer ein stadig større del av befolkninga. Eldre er ei viktig kompetanse- og ressursgruppe i samfunnet. Mange er kreative og har tid til og interesse for å vere aktive i kommunen (arbeid med barn eller andre eldre, i foreningar og lag m.m.). Ein del er framleis i arbeid.

Mange eldre er åleine og ønskjer eit tettare bufellesskap enn det einebustadane gjev, og ei buform med meir nærleik til natur enn det ein finn i bustadblokkene.

Lomeldestrand Tun+ tek sikte å tilby eit anna alternativ og vere eit godt butilbod for aktive folk i aldersgruppa 50+

**Miljøomsyn** er viktige for planlegging av bumiljøet. Vi vil ta omsyn til landskap og naturmiljø og bevare kulturminne, terrengformer og samanhengande vegetasjonsbelte. Bustadane skal byggjast i miljøvenleg materiale og ha lågenergi-standard. Energibruken skal også reduserast ved gjennomtenkt renovasjon, vasshandtering, kjeldesortering, kompostering m.m. Ei heilskapleg utbygging og ein tett struktur vil i tillegg til miljøfordelane, gje vesentlege økonomiske innsparingar på leidningsnett og vedlikehald.



*Å utnytte eksisterende vegetasjon vil både vere bra økonomisk og sikre stedsidentitet.*

### **Natur og kulturlandskap som forbilde.**

Bumiljøet skal få identitet og særpreg frå lokale naturforhold, kulturlandskap og kulturhistorie. Gjennom å bruke dei mest karakteristiske elementa, og gje desse eit moderne uttrykk og ny funksjon, tar ein vare på kulturhistoriske og biologiske verdar, og forsterkar lokal identitet. Prosjektet skal vidareføre dei vakre og formfulle landskapsuttrykka vi enno finn i kulturlandskapet.

Uteareala vil vere nyskapande ved å ha viltveksande vegetasjon og særprega kulturmark som forbilde. Dette vil vere i samsvar med Rio-konvensjonen om biologisk mangfald og den nye Naturmangfoldlova. Kulturmarker som einerbakkar, hagemarker og slåtteeenger inneheld ei rekke artar og artskombinasjonar som også representerer kulturhistorie. Mange viltveksande artar som til dømes rogn, alm, einer, hassel, prestekrage, tjæreblom, knoppurt, raudknapp, bakkesøte og perikum kan vere godt eigna som beplantning både i tun og langs vegar.

**Sosialt fellesskap og omtanke** blir meir og meir viktig i dagens samfunn. Det vert lagt opp til at bebuarane i eit framtidig tun kan delta i ein del fellesaktiviteter etter eige ønske. Det kan vere fiske, fotturer, eller byturer med teater- og konsertbesøk. Plasseringa ved fjorden og landskapet ikring, gjev høve til aktivitetar, turar og opplevingar. Landskapet og fjorden kan gi kulturarrangement ein ekstra dimensjon .





**Sogndal kommune** ligg i i Sogn og Fjordane og spenner frå Sognefjorden til fjell og bre. Berggrunnen vekslar mellom næringsfattig anorthositt og meir baserike bergartar. Landskapet omfattar frodige viker med varmekrevjande vegetasjon, lisider med barskog og bærlyngmark, og store område med hei- og fjellvegetasjon. Fjorden har tidligare vore den viktigaste ferdselsåra, og også næringsgrunnlag. Framleis vert det fiska brisling i fjorden.



*Slinde-birken malt av Thomas Fearnley i 1839, er eit kjent nasjonalromantisk symbol.*

Sogndal har hatt tidlig busetnad. Mykje av den eldste busetnaden var konsentrert til gode hamner langs fjorden. Sogndalsfjøra var opphavleg ein gammal strandsitjarstad. Enno finns små bustadhus, sjøhus, naust og brygger ved strandkanten.

Sogndalsfjøra er kommunesenteret. Sogndal har flyplass, og hurtigbåt- og bussamband til Bergen, Oslo, Ålesund og Otta.

## Planområdet



Lomelde ligg vest i Sogndal kommune midt mellom bygdebyane Sogndal og Leikanger. Planområdet har gode kollektivsamband.

Sjølve planområdet er om lag 22 daa og ligg 0 - 30 moh. Terrenget er småkupert og består delvis av ein gammal frukthage og delvis av berg. Planområdet hallar mot sør og har lang strandlinje. Frå planområdet er det utsikt til Fimreite, og utover fjorden mot Sognefjorden og Feios

## Lokal forankring

Gjennom å tilby ei alternativ buform med spesielle kvaliteter ønskjer ein å appellere både til folk lokalt og folk frå andre deler av landet. Målet er å skape nye nettverk og relasjonar mellom folk, og tilby eit godt bualternativ for seniorar. Prosjektet har lokal politisk og fagleg forankring, og vil vere positivt for lokal næringsutvikling og bumiljø.

## Tuna

Bustadområdet med 18 hus er organisert rundt tre tun. Husa vert plasserte på grunnmur i naturstein på kanten av dei naturlege flatene slik at desse flatene vart nytta til tun. Ein unngår sprenging av fjell for bygging av husa.

Tilkomstvegen følgjer terrenget, og går ned til stranda og eit felles naust. Bilane skal parkerast i utkanten av tuna og i husa, slik at tuna vert tilnærma bilfrie og heile året kan fungere som møteplass. Heilt frå sjøkanten og opp til hovudvegen går det ein gangveg, "Landevegen", som er universelt utforma. Landevegen er som ein stor møteplass som strekkjer seg gjennom heile området og alle tuna, og som bebuarane kan nytta når dei skal til dei forskjellige aktivitetane på området.

I tillegg til bustadhusa, kan ein finne eit naust med samlingsrom og flytebrygge, badestamp, drivhus og hageparsellar, bålplass, utsal for landbruksprodukt m.m. Det vil også vere høve til å kjøpe egne båtplassar på eit nærliggande areal.

Bustadområdet skal bli ein stad det er godt å vere.

**Husa** vil vere ganske like i forma, men kan ha ulikt innhald. Husa vil ha fire felles element:

- grunnmuren i naturstein som sjølv bustaden er plassert på
- huskroppen, den isolerte delen som er enkel i forma, rasjonelt utnytta og lett å byggje
- yttersjiktet/ verkledninga, som er trukke ut frå huskroppen og skapar eit mellomrom som kan nyttast til garasje, bod, terrassar i forskjellige retningar og til utviding av bustaden
- bruk av tørketåalde planter som takdekke; grønne tak

Dette gjev ei fleksibel løysing der ein kan utvida bustaden over tid og etter dei behov den enkelte får, eller nytta bustaden som den originalt er bygd, med romslege verbeskytta terrassar m.m. Energioptimalisering og bærekraft er viktig og det vert planlagt felles energisentral (varmepumpe med sjøvann)

**For meir informasjon, kontakt:**

or@olaroald.no  
Lisbeth.Dahle@hisf.no



Foto: Ingvild Austad og Leif Hauge. Foto av Slindebirken er henta frå Google. Teikningar og planskisser er utarbeidd av Ola Roald.

Tun + prosjektet er finansiert av Kommunal- og Regionaldepartementet som ein del av den nasjonale "Bulyst"-satsninga, og av Sogn og Fjordane fylkeskommune.



Sogndal kommune

